



## ***Kyrkjegardsvedtekter for kyrkjegardane i Surnadal og Rindal***

Gjevne i medhald av lov av 7. juni 1996 om Kirkegårder, kremasjon og gravferd

Vedtekne av Styringsgruppa for fellesråda i Rindal og Surnadal  
11.02.2003.

Godkjende av Møre bispedømeråd 07.03.2003 i medhald av  
§21 i Gravferdslova.

## **§1 Å høyra til ein kyrkjegard**

Døde personar innan kommunen kan gravleggjast på kva for ein som helst av kyrkjegardane i kommunen, så langt dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune. Dette gjeld òg sjølv om den døde grunna sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet. Ibuvarar i ein annan kommune kan søkja fellesrådet om å verta gravlagde på kyrkjegardane i kommunen.

## **§2 Fredingstid og festetid**

Fredingstid for kistegraver er 20 år.  
Fredingstid for urnegraver er 20 år.  
Festetida er 10 år.

## **§3 Feste av grav**

Når ei kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å festa ei ledig grav attmed denne. Etter søknad til kyrkjeleg fellesråd kan det gjevast løyve til feste av ei ekstra grav, når det er trong for dette. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Når fredingstida/festetida er ute kan gravstaden festast for nye 10 år. Når det er gått 80 år sidan siste gravleggjing kan ikkje festet fornyast utan særleg samtykke frå fellesrådet. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader etter forfall, fell gravstaden attende til kyrkjegarden.

Dersom det ikkje kan innhentast samtykke frå festaren eller den ansvarlege, kan kyrkjevevja ta avgjerd om gravleggjing.

Festar pliktar å melda adresseendring.

## **§4 Grav og gravminne**

Dei tilsette ved kyrkjegardane vil syta for at grava vert planert og tilsådd etter gravleggjing.

Montering av gravminne kan tidlegast gjerast 3 månader etter gravleggjing av kiste. I mellomtida ordnar kyrkjegarden med ein kross, der namnet på den avdøde vert sett på.

Nytt gravminne skal monterast på dagtid, på plass vist av ein av dei som arbeider på kyrkjegarden.

Gravminne skal godkjennast på førehand av kyrkjeverja, jf §25 i forskrift til gravferdslova.

### **§5 Plantefelt**

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeida eit plantefelt i høgd med bakken omkring. Dette må ikkje vera breiare enn breidda på gravminnet. Det kan ikkje stikka lengre fram enn 60 cm, målt frå bakkanten på gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går utover plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruka faste dekorgjenstandar i plantefeltet.

Lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å rama inn plantefeltet med ein delt natursteinskant som fluktar med terrenget omkring. Kyrkjegardsstyresmaktene har ikkje erstatningsansvar for dekorgjenstandar i plantefelt eller skade på evt. innraming av plantefelt.

### **§6 Plantemateriale**

Plantar, kransar og liknande materiale som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal alt saman lata seg kompostera.

### **§7 Stell av grav**

Einkvar gravfestar eller ansvarshavande for frigrav har rett og plikt til å stella den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert planta til og stelt av den ansvarlege eller festaren, vert sådd til av dei som arbeider ved kyrkjegarden.

Fellesrådet kan syta for årleg planting og stell av grav mot forskotsvis betaling.

## **§8 Gravlegat**

Til vedlikehald, planting og stell av graver på kyrkjegardane kan det, med kyrkjevevja som legatforvaltar, skipast avtale om at kyrkjevevja overtek stell av gravstader. Avtalen vert forma som ein kontrakt om innbetaling av ein sum som skal dekkja vanleg stell av gravstaden i ein periode på 5, 10, 15 eller 20 år. Gravlegatet kan ikkje opprettast for å vara lengre enn fredingstida eller festetida varer. Oppretting av gravlegat skal gjerast gjennom kontrakt som gjer legatstiftaren kjend med det reglementet som vert lagd til grunn for gravlegat.

Dersom det i legatperioden oppstår slike økonomiske tilhøve at midlane ikkje strekk til, skal kyrkjevevja gje melding om dette til den ansvarlege eller festaren. Då er det høve til å auka legatet slik at det varer tida ut. I motsett fall vil vedlikehaldet ta slutt når midlane er oppbrukte.

Skulle det vera midlar att når legattida er ute, kjem desse midlane blomsterfondet til gode. Dette fondet vert brukt til å gjera kyrkjegardane vakrere.

Gravlegata vert forvalta felles, men kyrkjevevja fører eigen rekneskap for kvart legat, som vert revidert av kommunerevisor årleg. Det vert rekna 10% av legatmidlane til provisjon for administrasjon.

## **§9 Bårerom**

Kyrkjeleg fellesråd disponerer bårerom. Slike rom kan berre nyttast til å ta vare på døde i tida fram til gravferd. Ein kan få tilgjenge til bårerom etter avtale med dei tilsette i kyrkja. Liksyning kan berre gjennomførast etter samtykke frå den som syter for gravferda.

## **§10 Næringsverksemd**

Næringsdrivande som ynskjer å driva verksemd på kyrkjegarden skal innhenta løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Løyvet kan kallast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering og vedlikehald av gravminner og planting og stell av graver.